

INFORMASJON

# HYRDINGRØYSTA

NR. 1/2025

APRIL

Grunnlagt 1938

86. årgang



*God påske*

## Frå redaksjonen

I denne første utgåva av Hyrdingrøysta i 2025 var tanken å filosofere over kva det nye året kunne ha å by på. Men ute i den store verda skjer endringane så fort at nyheitene i dag er forelda i morgon. Det einaste som er sikkert, er at vi lever i ei usikker tid, der vi må førebu oss på scenario som var heilt utenkjelege for kort tid sidan. Det er utruleg, og var utenkjeleg, at ein mann kan snu opp ned på heile verdsbiletet på nokre få veker. Vi må håpe og be.

Her i vesle Noreg skjer det også litt av kvart. Krise og brot i regjeringa - berre åtte månader før stortingsvalet. Ein kan spørje seg om det var nødvendig. Både Ap og Sp håpa på større oppslutning etter denne dramatikken. Ap vart redda av Jens Stoltenberg, som dukka opp som – nettopp - den store frelsaren. Så står det att å sjå kor lenge ovasjonane varer. Eitt er sikkert: Ingen treng misunnne politikarane. Dei står i stadige dilemma, og vert møtt med misnøye same kva dei gjer, sjølv om dei stort sett gjer så godt dei kan!

Skal vi vende blikket til vår eiga lokale tue, er det nok å styre med her òg. Eventuell skulenedlegging har skapt stort engasjement i heile bygda. Det må vere klart i ein kvar kommune at det ikkje er framtid i å leggje ned

skular i områda utanfor sentrum. Skulane er viktige for lokalmiljøa. Legg ein dei ned, følgjer arbeidsplassar med. Folk flyttar nærmare sentrum for å ha kortare veg til skule og arbeid. Til slutt står kommunen att med eit folketett sentrum og eit folketomt distrikt.

Vi må tilbake til vår usikre verd. Regjeringa har vore tydeleg på beredskap, og ber om at alle heimar skaffar seg eit lager av mat og vatn. Vi må bu oss på ulike framtidsbilete, som t.d. stengde grenser, slik det skjedde under koronaepidemien. Sjølvforsyning vert dermed meir og meir viktig. Vi treng kvar einaste matprodusent, anten drifta føregår sentrumsnært eller perifert. Vi treng å ha folk busett i heile landet – i distrikta så vel som i sentrum. Gardane ligg der dei ligg, dei kan ikkje flyttast nærmare sentrum. Saman med nedlagte gardar forsvinn matforsyning og andre arbeidsplassar relatert til landbruk. Kvar einaste arbeidsplass som forsyner oss med vårt daglege brød, har mykje å seie i den situasjonen vi er i no. Det er ei viktig erkjenning at alt heng saman med alt.

Som søskena Bremnes syng: «Folk treng hus, og hus treng folk i all si tid.»



... vi har sola og snart er det sommer ...

Foto: Ingrid Søyland

## KYRKJA I JØLSTER

### KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

### HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57 82 81 80

epost: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

### Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar ☎ 950 74 007

### Ålhus sokn:

Annette Slåtten ☎ 971 21 363

### Helgheim sokn:

Hildegunn Huus ☎ 417 58 462

### Fungerande sokneprest

1. nov. 24 – 31. mai 25

Geir Sørebo ☎ 957 29 172

epost: gods@online.no

### Kantor

Rune Molvik ☎ 991 27 430

epost: rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

### Kyrkjelydspedagog

Silje Sørebo ☎ 473 99 492

epost: silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

### Trusoppplærar: Gerd Sunde Førde

epost: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no

### Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdag kl. 9-15

epost: post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

### Kyrkjeverje Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

epost: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

### Ass. kyrkjeverje og økonomileiar

Trond Herløund ☎ 489 58 086

epost: trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

### Driftsleiar

Ingvar Vagstad ☎ 911 38 732

epost: ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

### Kyrkjegardsarbeidar/driftsleiar

Helge Årdal ☎ 976 49 016

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

### ÅLHUS KYRKJE/VASSENDEN KYRKJESENTER

#### Kyrkjetenar/reinhald:

Aman Beyene ☎ 998 65 659

Klokkear dugnad etter liste

### HELGHEIM KYRKJE

#### Kyrkjetenar/Klokkear:

Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad

Reinhald: Aman Beyene

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

## HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

## ANDAKT

GEIR SØREBØ, fungerande sokneprest

## VERDA SITT SENTRUM

For nokre år sidan stod eg ein dag midt inne i Den heilage gravkyrkja i Jerusalem. Den kyrkja som mange meiner er bygd over den staden der Jesus vart gravlagd og stod opp frå dei døde. Eg oppdaga brått ein inskripsjon på ein stein inne i kyrkja: «The Centre of the World». Verda sitt sentrum. Eg stod nøyaktig på planeten sitt sentrum. Det er ein gamal jodisk tradisjon som seier at jordklo-ten sin navle er i Jerusalem. I følge 1.Krøn.6 har Gud valt tempelet i Jerusalem som den jordiske bustaden for namnet sitt. Der kunne ein finne kjelda til alt liv.

Foreldra til Jesus for opp til Jerusalem kvart år for å feire påske (Luk. 2,41). Det var i sam-svar med jodisk praksis at Jesus før påske sa til disiplane: «Sjå, vi dreg opp til Jerusalem».

Det disipline ikkje skjona noko av, var at Jesus la til at i Jerusalem skulle Menneskesonen mishandlast og ver-te slegen ihel, og at han skulle stå opp att tredje dagen.

For dei som erfarte dette, vart det dermed stadfesta at Jerusalem er verda sitt sentrum. Verda sitt sentrum på ein ny måte. Frå Den heilage gravkyrkja kjem det nye livet. Der sigra Jesus over døden. Dette er viktig for oss, for det vi-ser at Guds nåde, forsoninga og oppstoda frå dei døde ikkje berre er filosofiske idear, men



Geir Sørebo

røyndomar basert på noko som verkeleg har hendt. Noko som skjedde på ein spesiell geografisk stad på ein viss dato i kalendaren. Og det var ingen tilfeldig plass, men ein arena som var rigga til 1000 år i forevegen.

At påskebodskapen på denne måten spring ut av verkeleg historie, gjer at han også toler å møte våre faktiske livsutfordringar i kvardag og helg, i glede og sorg, i livet og framfor døden. Den livskjelda som sprang fram i Jerusalem, har stadig vekk kraft til å skape nytt liv over heile kloden.

Velsigna god fornyande påske!

## HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommu-nen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225.

Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

## BLADSTYRET:

Hildegunn Huus  
Ingrid Søyland  
epost: hildegso@online.no  
soyland.ingrid@gmail.com

Neste utgåve  
kjem før påske

## FRIST

Frist for stoff til  
Hyrdingrøysta i 2025:  
Sommarnr.: 25.mai  
Haustnr.: 1.september  
Julenr.: 20.november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



## Møte med eit dikt / ein diktar



Elin Midtgård.

Då eg fekk spørsmål om å ta fram eit dikt som eg er glad i, gjekk tankane tilbake til tida på Misjonsbibelskulen i Stjørdal 1981-82. Det var ein fin haust, og eg var mykje på tur. Ein av lærarane, Arvid Bøe, var flink til å lage små dikt, inspirert av naturen. Enkle, men fine dikt. Eg har lyst å dele eit par av dei dikta med dokke.

Tekst: ELIN MIDTGÅRD

Naturen i Jølster er flott og inspirerer til turgåing (og kanskje til å skrive eit dikt sjølv). Eg er ingen topturgåar, men har

funne meg ein fin plass ved Jølstravatnet ved Helgheim kyrke. Diktet til Arvid Bøe gir meg trygghet og ro, det same som eg føler ein fin sommardag ved Jølstravatnet.

### Kvitmose

Stakkars liten  
Gammal og sliten.  
Men seig og truverdig  
Fjellfolket verdig.  
I lekende vind  
En pekende pine  
At det går ann å klare se`  
På minimum gasje  
For den som er nøgd  
Og høveleg bøg  
Og blir på sin post  
I solskinn og frost  
Av dette skal skjønnes  
At gudsfrukt belønnes  
I nøysomhet.

### Eit strå

Rørig og rank  
Smidig og slank  
Varsom og verdig  
Formfin og ferdig  
Lite men lodig  
Spe men dog stødig.  
  
Slik reising i rygg  
Ydmyk, men trygg  
For den som i livet  
Lik strået og sivet  
Selv liten og svak  
Har grunna sin sak  
på Gud.

## Påske- inspi- rasjon



### Ha en gul dag

Pynte med gult på  
bordet, ha på seg gule  
klede, berre spise  
gule ting. Kreativite-  
ten kan blomstre!

### Påskeeventyr

Lage eit påskeeven-  
tyr saman. Kva med  
å dramatisere noko  
eller lage dokkete-  
ater?

### Påskeeggjakt

Arranger ein påskeeggjakt i  
hagen. Har påskeharen gøymt  
påskeegg der i løpet av natta?  
Kanskje han har lagt igjen eit  
skattekart til hjelp for å finne dei?  
I skattekartet kan de teikne inn  
kjende stader som borna kan klare  
å finne, som hus, garasje, tre m.m.  
og så et stort kryss der påskeegget  
er gøymt. Så er det berre for bor-  
na, kanskje med litt vaksnehjelp, å  
tolke kartet og finne påskeegget.

### Mal påskeegg

Stikk eit hol i kvar  
ende av egget og blås  
ut innhaldet for de  
måler. Eggemassen  
kan de til dømes  
bruke til omelett, eg-  
gerøre eller eggedosis.

**Lage masker** av  
eggekartong, for  
eksempel hane og  
hane.

# Geir Sørebo prest i Jølster

Geir Sørebo skal vere prestevikar i Jølster fram til sommaren. Silje Sørebo slutta som kjent som sokneprest, og gjekk over til redusert stilling som kyrkjelydspedagog i Naustdal og Jølster. Når stillinga var utlyst, var det ingen søkjarar.

Tekst og foto: STEINAR DVERGSDAL

Om nokon lurar: Ja, Geir er far til Silje. Han bur på slektsgarden på Sørebo sør for Sognefjorden. Vi har prata litt med han.

– *Du er oppvaksen på garden på Sørebo?*

– Ja, eg budde der til eg var 14 år. Då flytte eg ut for å gå på skule. Realskule, gymnas, og så studerte eg til prest på Menighetsfakultetet.

– *Kva har du arbeidd med gjennom livet så langt?*

– Etter studia vart eg tilsett for å undervise i hebraisk på Menighetsfakultetet. Det gjorde eg i 10 år. Etter det vart eg prost i Ytre Sogn Prosti, og i starten, også sokneprest i Lavik. Så var eg ein periode prost både i Ytre Sogn og Nordhordland. Seinare vart Ytre Sogn Prosti avvikla. Gulen og Solund vart innlemma i Nordhordland, og eg heldt fram som prost i Nordhordland. Som pensjonist har eg vore vikarprest i Masfjorden, Vik, Balestrand, Lavik, Finnmark og no i Jølster.

– *Kva trur du om oppslutninga om kyrkja framover. Og kva bør kyrkja gjere for å nå flest moglege?*

– Sekulariseringa går sin gong. Stat og kyrkje har skilt lag. Religionen er i stor grad fjerna frå det offentlege rom. Folk har likevel sterk tilknytning til kyrkja og kjenner på eit tomrom utan kyrkja. Vi må vise evne til å komme i møte den religiøse lengselen som folk har. Når folk kjem til kyrkje, må dei få kjenne at dei får noko og kjenner seg ivaretekne. Alle folk må kunne komme som dei er og kjenne seg velkomne i møte med kyrkja. Kyrkja må vere eit «ope hus». Vi må vere opne for eit visst meningsmangfald.

«Pensjonisten» Geir har mange jarn i elden. Det viser at han er prest, men og godt forankra som bonde. Han pressar eplesaft og held andakt, eg vil seie gudsteneste, på nett, kvar helgedag året rundt, «God helg». Den



Geir Sørebo skal vere prestevikar i Jølster fram til sommaren.

jordnære mannen står då ute i naturen på Sørebo til alle årstider og i all slags vær! Om du går inn på YouTube og sokjer «God helg», finn du det.

– *Kor mange liter eplejuice pressar du eit vanleg år?*

– Dei siste åra har det vorte rundt 400 – 500 liter. Eg har alltid vore interessert i blomar og vekstar. Å ha frukthage og ta vare på frukta, høver godt med det.

– *Kor mange «God helg» har du produsert?*

– Det starta for 20 år sidan med at eg la ut tekstar på internett kvar helg. Dei siste åra

har det vorte desse filmene som vert lagde på YouTube. Eg ser slik på det: Det er å ta kyrkja attende til naturen. I evangelia møter vi Jesus oftast ute i naturen.

– Vi er svært glade for at vi får låne deg i Jølster. Vi vonar du ikkje vil pensjonere deg på ordentleg med det første!

# Onsdagskaffi på omsorgssenteret

Kvar onsdag føremiddag møtest ein fin gjeng på Vassenden omsorgssenter, både fastbuande og heimebuande. Då er det kaffi med noko attåt, det er opplesing, bingo, litt trim, gjerne ein liten konkurranse – og mykje song.

Tekst og bilete: INGRID SØYLAND

Til saman 16 frivillige står for opplegget, der fire møter om gongen. Frammøtet er godt, minst 20 stk. møter kvar gong, med godt humør og glede over å samlast og sosialisere. Bingoen skaper spenning, og alle er skikkeleg årvakne og følgjer godt med på tala som vert opplesne. Premiane er ikkje så store, men velkomne og nyttige, og det er alltid kjekt å vinne!

Songen vert ekstra god og skjerpa når Olav Grimsbo dreg opp tonane på trekkspelet sitt – han og trekkspelet er muntrasjonsråd i seg sjølv! Der er alltid lettare og meir motiverande å synge til akkompagnement, og songane femner over eit stort spekter – frå «gamle svisker» til folkeviser, fedrelandssongar og salmar.

Så har vi ein sittetrim-runde, med bøy og strekk i armar og bein. Der er vi gjerne litt romfreke – med lange armar dyttar vi borti naboen, med påfølgjande latter og moro. Vår generasjon vaks ikkje nett opp med så mykje nærleik – klemming var ikkje ein mykje brukt aktivitet, så det kan vere skummelt nok å kome borti kvarandre – men det gjer berre godt!

Vi som står for desse formiddagsstundene, har det like kjekt som brukarane – dei er glade og nøgde, og brukarane på omsorgssenteret trivst godt der dei bur. Vi prøvde ein periode å ha onsdagssamlingane oppe i daglegstova – bileta er derifrå. Men vi fann ut at det var mest praktisk å vere nede. Der er det romsleg, og alt vi treng av utstyr. I det heile er dette eit godt og nyttig tiltak, både for brukarar, heimebuande som her har ein plass å møtast, og for oss frivillige.



# Lintråd og fargemagi i åkeren

På ein åker dyrkar ein mat, men åkeren kan òg nyttast til andre gjeremål, som å dyrke lin for å framstille tekstilar, og dyrke fargestoff for å farge tekstilar og tråd. Dette har eg prøvd dei siste åra.

Tekst og foto: JUDITH KAPSTAD

Planta Vaid var i tidlegare tider mykje brukt til å lage blåfarge, og det er funne spor etter planta i gamle vikinggraver. Dette gjorde meg nysgjerrig, og eg tenkte at eg kanskje kunne få fram blåfarge sjølv, slik dei gjorde det. Vi har høyrte om «pottetblått», og sett på gamle åkle dei fine blåtonane dei skapte.

Eg fann ei bedrift på internett som kunne skaffe meg frø, og eg sådde og venta spent på vekst frametter sommaren. Det vaks opp ein krans med blad som ein rosett, noko som ikkje likna biletet av planta på frøpakken. Eg lurte ei stund på om eg hadde fått feil frø. Men forklaringa var at planta er toårig. Først kjem ein bladrosett, og året etter kjem ein høg stengel med tynne greiner med mange små gule blomar som utviklar seg til frøkapslar. Desse frøa veks opp att til blad i rosettform.

Eg har følgd denne syklusen gjennom tre år - sådd frø, hausta blad, laga fargesuppe av blad og farga ullgarn. Det var ei magisk oppleving å ta opp garnet frå den brungrøne fargesuppa, ta det ut i frisk luft og riste det godt slik at



*Linplanter.*

oksygen kom til, og vips! vart det ein kjemisk prosess som gav tråden blåfarge! Eg vart både glad og tilfreds med kva eg hadde fått til. No har eg spreidd frø i både åker, vegkant og hage for å sjå korleis planta trivst i Jølster - kva jord og lys som høver best.

I 2022 spurde Norges husflidslag om eg ville ta imot linfrø for å sjå om det lét seg gjere å dyrke lin her i området. Målet var å spreie kunnskap om lin som tekstilt materiale. Lin er ein av dei eldste tekstilane i verda. Det er gjort funn i Georgia som kan daterast til 36000 år f.Kr., og planta er nemnd i Bibelen. Lin vart

mykje dyrka i det gamle Egypt, og egyptiske prestar brukte berre linkle, då lin vart rekna som eit symbol på det reine.

Lin var viktig i det gamle jordbrukssamfunnet. Det vart dyrka på dei fleste gardar, men på midten av 1800-talet gjekk lindyrrkinga sterkt tilbake fordi ho var svært arbeidskrevjande. I byrjinga av 1900-talet starta arbeidet med å få liv i lindyrrkinga att, men i liten skala, og i dag er det mest i Aust-Europa det er dyrka, som i Estland, Latvia og Ukraina.

Eg melde mi interesse til Norges husflidslag, og fekk 15 gram frø i posten, nok til ➤



*Linplante hengande til tork.*



*Linplante med frøkapslar.*



*Vaid plante første år, blada vert brukt til å lage fargesuppe til plantefarging.*



*Vaid plante andre året med blomar.*



*Røyting av lin.*



*Blåfarga ullgarn frå Vaid.*

ca. ein kvadratmeter med linplanter. Eg sådde og var spent på korleis dette ville gå, ukjend som eg var med denne planta. Etter kort tid kom eit grønt, tett teppe av mjuke, sarte planter som minte meg om eit moseteippe. Plantene vaks fort opp til lange, tynne strå, tett-i-tett saman. Dei vaia fint i vinden, tydelege i åkeren med sterk, grøngul farge og vakre små blå blomar i toppen på kvart strå. Etter kvart vart dei omlag ein meter lange.

Men kva så - korleis er vegen vidare frå plante til tråd? Det var ingen i nærmiljøet å spørje. Ein måtte sjølv prøve seg fram og gjere seg erfaringar.

Utpå sommaren vart blomane etter kvart til frøkapslar, og stråa skifte farge frå grønt til meir gult ned ved rota. Tida for å hauste nærma seg, men stråa måtte få vekse så lenge som mogeleg for å få linet langt og fint. Så skulle ein rykke linet - ikkje kutte, for ein dreg opp stråa med rota, buntar dei saman og heng dei til tork opp-ned, slik ein gjorde det med korn.

Frøkapslane samla eg då dei var tørre, og hadde då frø til å så neste vår. Slik har eg no halde på i tre år og fått tre avlingar, og frøa har blitt fleire under desse rundane, slik at linåkeren har vakse med ein kvadratmeter for kvart år, til om lag tre kvadratmeter no i år.

Men har det blitt tråd til tekstilar av dette? Vegen er lang frå rykking til tråd. Ein må gjennom fleire fasar som krev kunnskap og erfaring, og den mangla, så her vart det prøving og feiling. Etter torking skulle buntane gjennom ein prosess som heiter røyting, som skal få det ytre skalet på kvart strå til å losne frå sjølv lintråden. Røytinga skal gjerast ute på marka, slik at insekt og småkryp gjennom nokre veker får gjort arbeidet. Ingen kunne fortelje meg kor lenge denne røytinga skulle vare. Her var det mange ulike råd å få, nokre la stråa i stilleståande vatn, nokre i snø og nokre i graset på marka. Røyting er tydelegvis ein kritisk prosess. Røyta ein for lenge, kunne alt gå i oppløysing, både skal og tråd. Med for

kort tid ville ikkje skalet losne frå lintråden. Temperatur, regn og sol verkar òg inn; ei rekke variablar påverka prosessen. Det er viktig å stoppe røytinga i tide, elles kan sjølv fibrane brytast ned, eit gammalt uttrykk for dette er at «alt går opp i stry».

Eg tenkte eg fekk prøve meg fram og håpe det beste. Eg la linbuntane utover i hagen, snudde og vende på dei i fleire veker, vatna og rista. Spenninga steig då eg skulle prøve neste trinn i prosessen med å skilje skal frå tråd, det som på fagspråket vert kalla å brake, skake og hekle. Eg måtte skaffe meg utstyr, og fann nokre bilde frå eit museum: reiskapar av tre som vart kalla brake, skakebrett og hekle. Vi laga til noko her i heimen som kunne gjere nytten, og eg prøvde å brake det røyta linet. Då erfarte eg at skala ikkje losna frå linet på alle stråa, det vart hengande mange småbitar av skal og rusk på linfibrane, som var vanskeleg å fjerne. Huff, tenkte eg, no har linet mitt gått «opp i stry».



*Dette er løparen hekla av linfiber*

Skulle alt arbeidet mitt vere bortkasta? Med tanke på spinning og veving - ja. Men eg tenkte det var for gale å la alle flokane av fiber gå i komposten, og fann ein annan måte å bruke materialet på. Eg brukte vanleg heklenål og hekla ei matte, eller løpar, som kan passe på eit røft bord og bli eit minne om mitt første forsøk på å lage lintråd. Bilde av løparen ligg ved.

No er eg kommen til andre forsøk. Eg skal til å brake det linet eg hausta i fjor, som hang til tork sist vinter, vart røyta i haust og no skal brakast. Eg er ikkje trygg på å lukkast, men håper eg får ei trådhespe, og at ikkje alt går opp i stry enda ein gong. Men lukkast eg og får trådfibrar, må desse spinnast til tråd før eg kan bruke tråden til veving. Enda ein prosess på vegen før ein

ser resultat, og eg må lære meg kunsten å spinne først.

No heng det buntar med linstrå hausta i august til tork i drivhuset mitt. Til våren skal dei røytast og brakast, eg skal følgje nøye med kvar dag og kontrollere stråa og sjå til at røytinga blir slik den skal, ikkje for mykje og ikkje for lite. Kanskje eg kan lukkast på tredje forsøk, og få det slik det skal vere - alle gode ting er tre, seiest det. Truleg veks linåkeren min ein kvadratmeter for kvart år, for frø vert det rikeleg av.

Erfaringane eg no har gjort, har gitt meg stor respekt for dei som utfører dette handverket og lukkast med lin og tekstilproduksjon.

Lin vert brukt til linskjorter, dukar, handkle og anna. Vegen er lang frå å så frøa til den ferdige bunadskjorta. Det forklarar kvifor lintekestilar er dyre å kjøpe.

For meg er gleda å sjå om eg kan lukkast. Det er mykje arbeid, og mykje kan gå gale på vegen, marginane er små - alt kan mislukkast og gå opp i stry. Då er det godt å vite at det kjem nye år, nye frø og nye sjansar!




*Braka lin med restar av skal, gått opp i stry, men brukt til å hekle ein løpar.*

# *Tilbakeblikk på kyrkjelege aktivitetar ved juletid*



## KRYSSORD



## Vassrett

1. Kongeleg tittel
8. Fingre
9. Gutenamn
10. Blomsterstand
12. Lars Askvik
13. Fottøyet
15. Naboar i alfabetet
16. Ligg att i omnen
17. I robåten
18. Som 15 vassrett
19. Fartsmålar
22. Kari Iveland
23. Stirrar
25. Fugleband
26. Agn
27. Tur

## Loddrett

1. Har vi på såret
2. Ikkje kokt
3. Rikeleg
4. Olav Tryggvason fall i slaget ved...
5. Like bokstavar
6. Meinte
7. Presise
8. Firkanta trestykke
11. Grovt lerret av lin
13. Glor
14. ... det regnar på presten,  
dryp det på klokkaren
20. Fugl
21. Renne på kjelke
24. Grov
26. Høg

## PÅSKENØTTER

## Kyrkje og Bibel, før og no

1. Kor mange kyrkjesøk er det i dag i Sunnfjord kommune?
2. Kor mange kyrkjer er det i Sunnfjord kommune?
3. Kven er leiari for soknerådet/ sokneråda i Jølster?
4. NRK sin TVserie Mammon var populær då den gjekk på TV. Mammon er eit bibelsk uttrykk som tyder kva?
5. Justin Bieber har tatovert følgjande sitat på skuldra: «Your word is a lamp for my feet, a light on my path». Kvar I Bibelen finn du dette sitatet?
6. Ramaskrik er eit bibelsk uttrykk. Korleis oppstod uttrykket?
7. Kven var Israels første konge?
8. Kven av kongane var det som etablerte Jerusalem som hovudstad?
9. Kor mange dagar levde Jesus på grashopper og villhonning?
10. Kvar meiner ein at verdas første kyrkje låg?
11. Det er litt usikkert kva som er Noregs eldste kyrkje, bygd i stein. Den heitaste kandidaten har blitt reist av sjølvaste Olav Trygvason. Kvar ligg den?
12. I mange kyrkjer finn ein inskripsjonen INRI, som tyder kva?

EIN Plass  FOR ALLE

## Born og unge i kyrkja i Jølster

## VÅRE FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter annakvar tysdag (partalsveker) kl. 17.30 – 18:30 - 4 år og oppover
- **Babysong** på Vassenden kyrkjesenter, annakvar veke, meir info kjem.
- **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl. 17.30 – 18.45 annakvar torsdag (partalsveker) – 4 år og oppover
- **Barnegospel** etter skuletid (annakvar veke på Skei skule og på Vassenden kyrkjesenter) – 3. klasse og oppover
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6. klasse og oppover
- **Klubbkveldar** på Vassenden kyrkjesenter for konfirantar

Sjå [www.kyrkja.no/jolster](http://www.kyrkja.no/jolster) for informasjon når det nærmar seg.

*Hjarteleg velkomen!*

# Helgheim og Ålhus sokneråd, årsarbeid 2024

Under finn de ei liste over det Helgheim sokneråd har arbeidd med i 2024. Komplett årsmelding, der de finn meir om arbeidet som er lagt ut og teke opp på årsmøtet.

Av saker i 2024, reine Helgheim soknerådsaker, nemner vi:

- Kulturkveldar i samarbeid med Jølster litterære folkeakademi
- Generasjonsgudsteneste, eller song mot haust
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Parkområde ved vatnet (har stått litt i stampe, men er under arbeid)
- Arbeid med antependium og frontalar til lesepult og preikestol (gåve)
- Styrke arbeidet i kyrkjelyden, speidarar, barnegospel, torsdagsklubb m.m.
- Offertildelingar (sum offer går ned)
- Nytt grindbygg ved vatnet.
- Konsertar i kyrkja (sjå under musikalsk arbeid)
- Dugnadsarbeid.
- Hjelp til planting på graver.
- Konfirmantjubiläum for

- 50-årskonfirmantar.
- Toalettforholda ved kyrkja.
- Garasje/lagerbygg ved kyrkja brann ned.

Ålhus sokneråd sine saker finn de under her:

- Jubileumsfeiringa for Landslova etter Magnus Lagabøte, med gudsteneste, fleire arrangement og konsertar
- Utlysing av prestestilling
- Kyrkjelydspedagogstilling
- Klockarteneste i Ålhus sokn
- Kulturelle arrangement; «Ikkje med makt», ei forteljarkveld i Ålhus kyrkje, konsertar i samband med landslovjubileet.
- Festivalgudsteneste i samband med KFUK-KFUM sitt vintertreff for ungdom.
- Samarbeid med Vassenden kyrkjesenter
- Arbeid og aktivitet i VaBa-klubben.
- Kyrkjeyoga

Felles saker for begge sokneråda i Jølster. Det er og utarbeidd komplett årsmelding over året 2024.

- Minnelund/minnelundar, sette i gong arbeid.

- Prestesituasjonen
- Gudstenesteplan.
- Konfirmantfest
- Plan for konfirmantarbeid og trusopplæring. Arbeid med trusopplæring

Faste saker kvart år: Årsmelding, rekneskap, budsjett, møte- og gudstenesteplanar, offertdeling, fasteaksjon, kyrkjelydstur, konfirmantfest, 50- årskonfirmantjubiläum, jule- trefest, søknader om støtte, løyvingar m.m. er om lag like for begge sokna.

## Feil namn på 50-årskonfirmant

I høve presentasjonen av 50-årskonfirmantane på Ålhus, hadde Hyrdingrøysta dessverre feil på eitt av namna: Målfrid Flaten Berge er rett namn. Vi seier oss leie for feilen.

*Redaksjonen, v/Ingrid Søyland*

## Julelotteriet 2024 – Trekning

|                                             |                | Loddnr.: | Vinnar:                      |
|---------------------------------------------|----------------|----------|------------------------------|
| 1. Gåvekort frå Elsa Norunn Håheim Nydal    | verdi 2500 kr. | 424      | Inger og Finn Haugsbø        |
| 2. Gåvekort frå Vassenden kyrkjesenter      | verdi 1200 kr. | 1604     | Inger Helene Lind Aasen      |
| 3. Gåvekort frå Jølster treningsenter       | verdi 500 kr.  | 1301     | Reidar Fjellkårstad          |
| 4. Gåvekort frå Jølster treningsenter       | verdi 500 kr.  | 1525     | Kari Loftheim Sunde          |
| 5. Gåvekort frå Thon Partner Hotell Jølster | verdi 1000 kr. | 650      | Kristin Øksendal             |
| 6. Gåvekort frå Grimsbø Gard                | verdi 1000 kr. | 400      | Kjellrun Årseth              |
| 7. Gåvekort frå Jølster Bakst               | verdi 500 kr.  | 180      | Hallrun Marit Sørdal Bergset |
| 8. Gåvekort frå Jølster Bakst               | verdi 500 kr.  | 1985     | Inge Anton Andersen          |
| 9. Gåvekort frå Fjordamattunet              | verdi 750 kr.  | 1678     | Aud Anny Tveit Solheimsnes   |
| 10. Gåvekort frå Jølster Aurefest           | verdi 600 kr.  | 595      | Ida Marie Strand             |
| 11. Gåvekort frå Jølster Jazzklubb          | verdi 600 kr.  | 3396     | Inger og Finn Haugsdal       |

11 gevinstar med samla verdi 9.650 kr.

Trekkinga utført på Vassenden kyrkjesenter måndag 16. desember 2024, kl. 18.00

*Karl Russøy*

*Arvid Tveit*

*Gunnar Smaadal*

## Skei misjonshus inviterer til **BASAR**

Søndag 30. mars kl. 16.00

### Program:

Songinnslag v/SkeiVasskoret og Jølster Barnegospel Markering av  
40-årsjubileum for Skei misjonshus  
Matøkt og sosialt lag  
Barnelotteri med vinnargaranti  
Hovudlotteri: Basar med sal av årer  
Allsong

Ta gjerne med ein liten gevinst om du vil!

Betaling: Kontant eller Vipps

Gratis inngang med oppmøding om å kjøpe nokre ekstra årer!

### Velkommen!

## Velkomen til kyrkjebasar på Vassenden kyrkjesenter

**Søndag 30. mars 2025, kl 15.00**

### Program:

- ✓ Stund i kyrkjerommet med Silje og Erlend
- ✓ Allsong
- ✓ Ettermiddagskaffi med heimebakst
- ✓ Lodd og åresal med trekning og spenning

Denne dagen tar vi ettermiddagskaffien på kyrkjesenteret. Ei triveleg stund med spenning rundt lodd- og åresal, trekning og vinnarlukke. Og ikkje minst – prat med sambygdingar.

Kyrkjesenterer har vore i bruk i 23 år. Drifta er framleis basert på dugnad og basaren er eit viktig tiltak for å dekke utgiftene. Det er mykje positivt som skjer på kyrkjesenteret gjennom året.

Vi tar med glede imot gevinstar om nokon har lyst å gje. Dei kan leverast på kyrkjesenteret laurdag 29. mars mellom kl 10.00-12.00 når vi riggar til basaren, eller de gjev melding til dei som sel lodd.

Ta vel imot loddselgjarane som kjem på besøk. Kan og kjøpe lodd på samvirkelaget.

Kr. 10,- pr lodd Lodda kan betalast med:

• **Vipps 554626** • eller de kan betale kontant

Med helsing Basarkomiteen v/ leiar Inger Lind Aasen, telt. 95247071

## SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14.00 i stova på

### VASSENDEN OMSORGSSENTER



Fyrste og tredje tysdag kvar månad

### Datoar for våren 2025

7. januar, 21. januar

4. februar, 18. februar

4. mars, 18. mars

1. april, 15. april (påskesamling)

6. mai, 27. mai

### Alle er velkomne!

Helsing fung. sokneprest Geir Sørebo og organist Rune Molvik  
og organist Rune Molvik

## SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på

### SKEI OMSORGSSENTER



Fyrste og tredje tysdag kvar månad

### Datoar våren 2025

7. januar, 21. januar (nattverd)

4. februar, 18. februar

4. mars (nattverd), 18. mars

1. april, 15. april (nattverd) og påskesamling

6. mai, 27. mai

### Alle er velkomne!

Helsing  
fung. sokneprest Geir Sørebo  
og organist Rune Molvik

## Er hodet ditt fullt

med



Ring eller skriv.

22 40 00 40

Vi er her. Alltid.

soschat.no



**NETTBUTIKK**

**Alltid same pris  
på nett som i butikk**

**VI HANDLAR FOR DEG!**

Bestill på [nettbutikk.spar.no](http://nettbutikk.spar.no)  
Hent varene ferdig pakka hos  
SPAR Jølsterholmen eller  
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no  
Tlf. 57 72 81 25



**MASKINENTREPRENØR**

**Ottar Dvergsdal AS**

**6843 SKEI**



**EIN SMAK AV TRADISJON**  
frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei  
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



**COOP MARKED VASSENDEN**  
Måndag–fredag: 8–20  
Laurdag: 8–18  
  
Tlf: 57 72 72 00  
[vassenden@marked.coop.no](mailto:vassenden@marked.coop.no)



**COOP PRIX SKEI**  
Måndag–fredag: 8–22  
Laurdag: 8–21  
  
Tlf: 57 72 83 77  
[prix@coop.no](mailto:prix@coop.no)

**nordfjord SKIFER** *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei  
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • [EPOST svein@vestlandgruppen.no](mailto:EPOST svein@vestlandgruppen.no)



Tlf. 57 82 70 30 • [fjordan.no](http://fjordan.no) • [eirik@fjordan.no](mailto:eirik@fjordan.no)



Støringdal • Tlf. 951 46 531 • [fjordamattunet.no](http://fjordamattunet.no)

**ENTREPRENØR**

**Ivar A. Sunde AS**



6847 Vassenden



**VASSENDEN TAXI**  
mob. 482 10022  
Drosje, rullestolbil og minibuss



**Åsen & Øvrelid as**

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.  
Tlf 920 62 203 Mail: [post@jolvassbu.no](mailto:post@jolvassbu.no)

**MASKINENTREPRENØR**  
**Jostein Sunde AS**  
[jostein-sunde.com](http://jostein-sunde.com)

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

[post@jostein-sunde.com](mailto:post@jostein-sunde.com) Tlf. 57 72 73 00

**JØLSTER**  
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • [www.jolsterbygg.no](http://www.jolsterbygg.no) • Besøk oss på Facebook



**Bilelaget AS**  
Erlend Slåtten  
Slåtten Grind & Laft

**TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?**

Nokre som ringjer tenkjer på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT



*Helgheim kyrkje**Ålhus kyrkje**Vassenden kyrkjesenter*

## MARS

SØNDAG 16.03.

2. SØNDAG I FASTETIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

SØNDAG 23.03.

MARIA BODSKAPSDAG

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

SØNDAG 30.03.

3. SØNDAG I FASTETIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

## APRIL

SØNDAG 13.04.

PALMESØNDAG

Helgheim kyrkje kl. 14:00 (mrk tida)

Familiegudsteneste, nattverd, utdeling av påskekalender

TORSDAG 17.04.

SKJÆRTORS DAG

Vassenden kyrkjesenter kl. 19:00

(mrk tida)

Skjærtorsdagsgudsteneste, nattverd

FREDAG 18.04.

LANGFREDAG

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste på langfredag, nattverd

LAURDAG 19.04.

PÅSKEAFTAN

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Dåpsgudsteneste

SØNDAG 20.04.

PÅSKEDAG

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste, dåp, nattverd

MÅNDAG 21.04.

2. PÅSKEDAG

Vassenden kyrkjesenter kl. 17.00

Påskesamling for store og små med mykje song.

Jølster barnegospel og Vabaklubben og Torsdagsklubben deltek.

Det vert også påskegg-jakt

Kveldsmat

SØNDAG 27.04.

2. SØNDAG I PÅSKETIDA

- Haugtun i Stardalen kl. 11:00

Gudsteneste ute i teltet ved Sommarkaféen

- Vassenden kyrkjesenter kl. 17:00

Samtalegudsteneste med konfirmantane

## MAI

SØNDAG 04.05.

3. SØNDAG I PÅSKETIDA

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

SØNDAG 11.05.

4. SØNDAG I PÅSKETIDA

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

LAURDAG 17.05

17. MAI

- Helgheim kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste

- Ålhus kyrkje kl. 12:30

Familiegudsteneste

- Vassenden kyrkjesenter kl. 15:30

Familiegudsteneste

TORSDAG 27.05.

HELGETORS DAG

- Ålhus kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

- Ålhus kyrkje kl. 12:30

Konfirmasjonsgudsteneste

## JUNI

SØNDAG 01.06.

SØNDAG FØR PINSE

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste, nattverd

SØNDAG 08.06.

PINSEDAG

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste, dåp og nattverd

MÅNDAG 09.06.

2. PINSEDAG

Dvergdsalsstøylen kl. 11:00

Friluftsgudsteneste

## Døypete



### ÅLHUS SOKN

24.11 Knut Asbjørn Kilen Bremer  
(døpt i Førde kyrkje)29.12 Mathias Øen Gjesdal  
(døpt i Førde kyrkje)09.02 Solan Siksjø-Morotaie  
(døpt i Røros kirke)

### Ålhus kyrkje

01.12.24 Noah Hereid Sunde

09.03.25 Sjur Vanberg

### HELGHEIM SOKN

01.12 Sara Bakke  
(døpt i Ålhus kyrkje)01.12 Alexander Bolset  
(døpt i Ålhus kyrkje)

16.03. Eirik Kjosnes Hatlevoll

16.03 Eskil Norevik Juklestad

### Helgheim kyrkje

02.03 Alva Sandal

## Gravferden



### ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje/Ålhus kyrkjegard

14.0 Eric Jacob

Tshoganietso Kjer f.1985

18.02. Kjellhild Ålhus f.1931

### HELGHEIM SOKN

17.12. Knut Røsborg Andersen

f.1932

SØNDAG 15.06.

TREEININGSSØNDAG

Sanddalen grendahus kl. 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 22.06.

2. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kjosneshogen kl. 11:00

Skaparverkets dag

Det kan bli endringar i gudstenestelista.

# PÅSKEKRIM?

Vi snakkar mykje om å lese påskekrim i påska - ikkje at påskekrimmen skal handle om påska, men at det skal vere krim ein les i påska

HILDEGUNN HUUS

Eg skal ikkje stikke under stol at eg likar å lese krim i påska, og ser på krimfilmar/-seriar som vert sende då. Men vil ein lese verkeleg påskekrim, bør ein gå til Bibelen. Heile oppveksten og livet til Jesus var prega av at han måtte rømme frå krefter/ folk som ikkje tolde at Jesus stod i ei særstilling i møte med andre, og den særstillinga verka trugande. Eg er ikkje nokon tolkar av det som står i Bibelen, eg les det som står der.

Les ein det som står i Bibelen på same måten som ein les ein vanleg krim, er det mykje spennande lesing. Det er dessverre mykje som er vanskeleg å forstå. Men det kan òg vere vanskeleg å forstå tanken til forfattaren av ein krimhistorie. Då tenkjer ein kanskje at dette var lurt påkomme - eller dårleg, eller at

det byggjer på mykje som skjer i samfunnet rundt oss. Det er i mange høve attkjennande.

Under vil eg referere nokre vers frå Bibelen som har med påske å gjere, som eg oppfattar som krim. Det er berre korte vers tekne ut av samanhengen, men dei korte versa fortel om å bygge opp og utføre noko dramatisk, slik vi gjerne opplever det i krim. Det som er referert under, er òg skrive i ei heilt anna tid, under heilt andre forhold.

Evangeliet etter Markus kap.11,18.

*Øvsteprestane og dei skrifilerde fekk høyre det, og lurde på korleis dei skulle få rydda han or vegen, for dei var redde han, av di folket var hugtekne av læra hans.*

Evangeliet etter Johannes kap.18,12.

*Vaktmannskapet og høvdingane deira og sveinane åt jødane tok no Jesus og batt han.*

Evangeliet etter Johannes kap.19,6 og 10.

*Då øvsteprestane og sveinane deira fekk sjå han, skreik dei, Krossfest, krossfest! Pilatus segjer til dei: Tak de og krossfest*

*han! Eg finn ingi skuld hjå han. Pilatus segjer til han: Svarar du meg ikkje. Veit du ikkje at eg hev makt til å gjeva deg fri og hev makt til å krossfesta deg.*

Evangeliet etter Lukas kap.23,33.

*Då dei kom fram til staden som kallar Skallen, krossfeste dei han, og like eins illgjerningsmennene den eine på høgre og den andre på venstre sida.*

Med litt andre ord kan mange av dei tekstane eg har referert ovanfor, godt overførtast til hendingar ein høyrer skjer i dag, kvar dag, og som bygger på den same misunning, redsel for å tape makt, redsel for at det skal bli oppdaga kva ein har gjort, eller ikkje gjort.

Les påskekrim og kos dykk med det. Men det kan òg vere spennande å samanlikne dagens krim med ord og situasjonar frå ei svunnen tid, som det blant anna står noko om i Bibelen. Eg er blitt overraska, men det er ut frå slik eg les og samanliknar.

God påskekrim, same kvar du les den.

## Rapport frå filosofen på Vårstøylen

Tekst: JAN ARNE FLUGEKVAM,  
lånt frå Facebook med løyve frå forfattaren

Det er ikkje alltid dumt å gløyme eit gjere-mål. Eg kom plutsleg på at eg hadde gløymt å stormsikre nokre dører i fjosen tirsdag klokka 23.30. Når eg hadde utført da, tenkte eg at no skal da bli godt å legge seg, men først tar eg tur oppi dalen. Sist eg var dar, var klokka ca. 21.30, då var alt bra.

Då eg kom til saghuset, såg eg altfor mykje vatn på feil plass, eg gjekk for å sjå kor da kom ifrå. Det var ei stikkrenne som ikkje klarte å svelge vassmengdene.

Det var det berre å innsjå at sove får eg gjere seinare.

Henta traktor og passande skuffe til grave-maskina, grov vegen tvers av og leda vatnet ned i beite, sikra resten vegstrekket, innmark og saghuset for meir skade.

Bilda viser litt korleis det ser ut når flaksen spelar på lag.



Det er selvfølgelig ein del jobb å ordne opp, men eg har ein filosofi om at uansett kor gale det er/går, kunne det som regel alltid vore verre.



Dei som konstruerte Skoregrova, hadde nok ikkje atmosfærisk elv i sine tankar ...